
Fra: Eilin Houlison Molvik
Sendt: 24. mai 2016 11:00
Til: 'Rune Kristoffersen'
Emne: Rekkefølgekrav i reguleringsplan Fløsvika gbnr. 195/67
Vedlegg: Fløsvika føresegner rev_08.12.2015.pdf

Til Rune Kristoffersen

Vi viser til telefon i dag 24.05.16

Sender som avtalt utsnitt av føresegn som omhandlar rekkefølgekrav i planen. Det er så langt vi kan sjå ikkje unntak i føresegna med omsyn til utbygging i område BFS5, legg og ved føresegna til reguleringsplanen.

Med omsyn til pkt. 1.3.2, 1. og 2. ledd, så vil det dersom det er naudsynt med rassikring, murar/skjæringar mv. for utbygging av eigedom gbnr. 195/67 vere krav om at dette er ferdigstilt før det vert gjeve MB/FA på evt. bustad på eigedommen.

§ 1.3 Rekkjefølgekrav

Utbyggingstakten må følge det til kvar tid gjeldande Bustadbyggeprogram for Lindås kommune.

1.3.1 Ved rammesøknad

Skal det utarbeidast ein VA-plan som skal godkjennast av kommunen.

Skal det gjerast ein vurdering av rasfare i planområdet. Vurderinga skal gjerast av personell med geoteknisk kompetanse.

Skal tilhøve til eksisterande VA anlegg i planområdet vera avklart.

Skal tilhøve til eksisterande borehol i planområdet vera avklart.

Skal det utarbeidast ein teknisk plan for krysset med FV 391 som viser at krysset er utforma i samsvar med Handbok N 100. Planen skal godkjennast av Statens Vegvesen.

Skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan som skal gjelda for utbygginga av krysset mellom O_SK1 og fylkesvegen. Planen skal godkjennast av Statens Vegvesen.

1.3.2 Før mellombels bruksløyve/ferdigattest

Skal naudsynt rassikring skal vere ferdigstilt.

Skal det vera opparbeidd sikringsgjerde på toppen av murar og skjæringar som er over 1,5 m høge.

Med helsing

Eilin H. Molvik, rådgjevar

Ikkje send svar direkte på denne e-posten.

Svar eller førespurnadar rettast til: postmottak@lindas.kommune.no

Tenk miljø før du skriv ut denne e-posten.

Er meldinga motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå postsystemet.